



Kyrjekoret framførte Vår Gud han er så fast ei borg på tysk, noko som ikkje er problem for eit kor med medlemmer med solid kunnskapar i tysk språk.

På reformasjonsgudstenesta i Kvinnherskyrkja i dag på Bots- og bøneden framførte kyrjekoret Norsang salmen Vår Gud han er så fast ei borg på tysk. Salmar og tekstar på nasjonale språk var ein viktig del av Luther sin protest mot den katolske kyrkja og mot bruken av den uforståelege latinen. Kyrkja var ikkje fullsett, men et var likevel godt frammøte til ei felles markering for reformasjonen og Luther og alt som kom av omveltingar og nye kristne kyrkjesamfunn etter 1537.



Kantoren Eva Megyesi er over alt og har som vanleg 'stålkontroll', organist, musikalsk leiar, korleiar og medverkande liturg i forbøna. Heile det kyrkjelege Kvinnherad var representert, - fire prestar, organistar, kyrkjeverje, kyrkjetenarar og ikkje minst den populære kyrkjelydssekretæren. Einingsleiaren for trusopplæringa, Kristine Hestad, kan meir enn å vera pedagog. Ho spelar tverrfløyte saman med kantoren og er ein viktig del av ei flott gudsteneste med stram regi. Det same må vi sei om Liv Signe Ulvestadbakken som spelar trompet i inngangsprosjonen.

Prestane talar og syng godt. I liturgien vert det framført tekstar av Martin Luther. Ikkje så ofte i Noreg, men på gudstenesta i dag fekk vi høyra kantoren Eva Megyesi med song i liturgien til forbøna før nattverden. I kyrkjer i det sentrale Europa er det vanleg med ein kantor som har ei meir sentral rolle i gudstenesta enn i vårt land.

Dagens tekst er henta frå Lukas kap. 20 og handlar om enkja som gjev alt ho har i gåve, mens den rike gjev litt av alt han eig. Tema for reformasjonsgudstenesta var Frelsa er ikkje til sals. Soknepresten Reidar Ådnanes er som Luther klar i sitt budskap om at det er trua som fører til frelse, ikkje handling og rikdom. Trua og kjærleik kan ikkje kjøpast for pengar. Du kan ikkje forhandla deg fram til ein posisjon i Guds rike. Gåva i den kristne trua og oppgåva er like sentrale i dag som for 500 år sidan.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det offisielle kyrkjelege Kvinnherad var samla og tok del i reformasjonsgudstneste i dag.